1. Karaktersettingen skal ta utgangspunkt i den verbale beskrivelse som er gitt av de enkelte nivåene.
2. Kriterier for bestått karakter skal gjenspeile faglige mestringer i emnet, tilpasset det aktuelle studienivå. Kravene til bestått prestasjon skal ikke gjøres avhengige av endringer i studentenes forutsetninger for å gjennomføre emnet.
3. For store populasjoner skal karakter C stå for det en forventer som en typisk prestasjon av ”gjennomsnittsstudenten”. Man bør altså forvente at C blir gjennomsnittlig ståkarakter, for store populasjoner der og da, eller over noe tid.
4. På fagområder med noenlunde tilsvarende utdanningstilbud mellom universitetene etableres et sett nasjonale referansepaneler bestående av en representant for hvert universitet som gir undervisning på fagområdet. Referansepanelene får følgende hovedoppgaver:
    a. Å sikre at kravene til en bestått prestasjon er de samme ved alle læresteder. Det kan i praksis skje ved at panelet gjennomgår et mindre utvalg besvarelser i grenselandet mellom laveste ståkarakter og stryk.
    b. Å samordne bruken av gjennomsnittskarakteren C, og av beste karakter A.

    Ansvaret for å etablere og administrere slike paneler fordeles på tilsvarende måte som ansvaret for nasjonale opprykkskomitéer.
5. Der sterk seleksjon eller andre forhold fører til en sterk konsentrasjon av besvarelser innenfor et lite intervall (for eksempel A og B), bør en gå over til karaktersettingen bestått/ikke bestått.
6. For å bidra til gjennomsiktighet og tillit, vil hvert universitet offentliggjøre den statistiske fordeling av karakterer for det enkelte studieprogram og for de viktigste elementene som inngår i programmet.
7. Bruk av karakterer på tvers av universitets- og høgskolesektoren som overordnet sorteringsmekanisme ved konkurranse om opptak til videregående lukkete studier, stipend eller lignende, er bare realistisk på fagområder der tillit til gjennomgående kvalitetsstandarder knyttet til karaktersystemet er opprettet.

Vedlegg 4

UNIVERSITETET I BERGEN
DET JURIDISKE FAKULTET

NOTAT
til
fakultetsstyret

J.nr. Sak nr. 94/03
Arkiv Styremøte 05.12.03

EKSAMENSKRAV OG BRUK AV DEN NYE KARAKTERSKALAEN I CAND JUR OG MASTERGRADSSTUDIET

---

1. Bakgrunn for at saka kjem opp

Ny karakterskala etter universitetslova § 50 nr. 6, vart innført for eksamener ved alle universitet og høgskular frå haustsemesteret 2003. Styret for Det juridiske fakultet i Bergen vedtok i møte 17. juni 2003 retningsliner for bruk av karakterssystemet i rettsstudiet. Dei same retningslinene er vedtekne ved dei to andre juridiske fakulteta og blir gjennomførte frå og med i haust, jf. nedanfor.

På bakgrunn av at det i tilknyting til sensuren i kursa i erstatningsrett og kontraktsrett II i masterstudiet, kom fram at det hadde vore tvil både om kva krav som skal stillast til prestasjonane, og om korleis den nye karakterskalaen nærare skal praktiserast, vart det i styremøtet 12. november 2003 sett fram ønske om at spørsmål kring eksamenskrav og bruk av karakterskalaen i mastergradsstudiet burde drøftast i neste møte. På bakgrunn av drøftinga i styret vart det semje om at prodekanus for undervisning, Kåre Lilleholt skulle utarbeida eit notat om saka og at ein skulle kallast inn til eit lærarmøte den 2. desember.

Dekanus og prodekanus for undervising har også hatt drøftingar med kursansvarlege for dei kursa der det er halde sensur.

I mellomtida er det òg kome eit brev 19. november 2003 om saka frå professor Henry Mæland, der han stiller seg sterkt kritisk til den måten det nye karaktersystemet er implementert på. Juridisk studentutval skipa til eit møte om saka den 26. november 2003.

2. Kort om innføringa av nytt karaktersystem

Ny karakterskala for universitet og høgskular er fastsett i universitetslova § 50 nr. 6. Der er det fastsett at karakteruttrykket skal vera A–E for greidd eksamen og F for ikkje greidd eksamen. Universitetet har fastsett utfyllande reglar om bruk av skalaen, mellom anna med allmenne kriterium for karakterane, uttrykt i stikkord (sjå vedlegg 1).

Lova seier ikkje noko nærare om kriteria for bruk av skalaen. Heller ikkje i forskrifter er det sagt noko om dette, jf. Ot.prp. nr. 40 (2001–2002) kap. 9.5.4 s. 39 der det er sagt:

> ”Departementet er kjent med at Universitets- og høgskolerådet er i gang med å utforme felles retningslinjer for innføring av ny karakterskala. Departementet mener at konkretiseringen av hva som kjennetegner besvarelser som kvalifiserer til de ulike karaktertrinn må forankres i fagmiljøene".

Departementet overlet med andre ord til Universitets- og høgskulerådet og institusjonane å utforma dei nærare kriteria. Det som vidare skjedde var at Universitets- og høgskulerådet bad dei Nasjonale fakultetsmøta om å utarbeida meir detaljerte kriterier for karakterfastetjinga innanfor sine fag, enn det som gjekk fram dei stikkorda som er brukte i dei generelle reglane som Universitets- og høgskulerådet hadde fastsett.

Fakultetsmøtet for juridiske fag sette ned ein komite ("Felleskomitéen") for å utarbeida meir konkrete kriterier for karakterfastsetjing i juridiske fag. Komitéen gjekk inn for å knyta vurderinga til kvalitetskrav og tok utgangspunkt i den innarbeidde 2,75 skalaen. Utvalet gjorde framlegg om ein omrekningsskala frå den gamle 2,75-skalaen til den nye karakterskalaen. Dette vart avvist av det nasjonale fakultetsmøtet i møte 24. april 2003. Møtet vedtok nokre retningsliner, som dekanane fekk fullmakt til å utfylla. Det felles framlegget til retningsliner som dekanane arbeidde seg fram til, vart godkjent av Universitets- og høgskulerådet og seinare vedtekne som retningsliner av dei juridiske fakulteta i Oslo, Bergen og Tromsø.

I retningslinene, som fylgjer som vedlegg 2, er det sagt fylgjande om fordelinga av karakterane:

> ”De generelle og utfyllende beskrivelsene skal ikke anvendes med sikte på å oppnå en prosentvis normalfordeling ved den enkelte prøve, men ligge fast over tid.
>
> - Det skal legges opp til at de to beste karakterene (A og B) tilsvarer laud etter dagens system. Vurderingskriteriene bør brukes slik at karakteren A nasjonalt og over tid kan oppnås av omkring 10 % av kandidatene.
> - Haudkarakteren deles i tre slik at C er en god haud, D en middels haud og E en svak haud.
> - Nivået for stryk skal være som etter 2.75-skalaen. Denne skalaen er hittil benyttet ved karakterfastsettelsen på jusstudiene i Bergen og Tromsø.”

3. Går regelverket ut på normalfordeling eller meir faste kvalitetskrav?

Eit grunnleggjande spørsmål ved fastsetjinga av karakterskalaen er om ein skal ta sikte på å definera nokre kvalitetsmål for kva som skal gje grunnlag for dei ulike karakterane, eller om ein skal innføra ei normalfordeling av karakterane, tilsvarande det som ligg i den europeiske omrekningsskalaen ECTS. Dette er eit spørsmål som var framme i samband med utarbeidinga og vedtakinga av retningslinene og som har blitt reist i ettertid, mellom anna i brevet frå Henry Mæland.

Forarbeida til universitetslova § 50 nr. 6 tyder på at det ikkje var tanken å innføra ein regel om normalfordeling, jf. Ot.prp. nr. 40 (2001–2002) kap. 9.5.4 s. 39, der det i tilslutning til det som er sitert ovanfor blir sagt:

> ” Hensikten med en felles karakterskala er å få et mer samordnet system for karaktergiving i høyere utdanning, slik at samme karakter i større grad vil være et uttrykk for en felles forståelse av kandidatenes prestasjoner. Dette betyr imidlertid ikke at det skal benyttes en statistisk normalfordeling ved vurdering av studentenes prestasjoner i hvert enkelt emne eller fag, for hvert enkelt semester.”

I eit brev av 29. mai 2002 frå Universitets- og høgskolerådet til institusjonane er det rett nok skissert ei normalfordeling ”over tid” (”en periode på minst 5 år er ikke utenkelig”), rekna av greidd eksamen, altså slik at stryk blir halde utafor:

A 8–12 %
B 20–30 %
C 24–36 %
D 20–30 %
E 8–12%

Denne normalfordelinga inngår ikkje dei utfyllande forskriftene som Universitetet i Bergen har gjeve. Det synest som dette er medvite og at fagmiljøa skal stå fritt i dette spørsmålet. Det må i denne samanhengen også peikast på at den generelle beskrivinga av karakternivået som lærestadane hadde fastsett, og som Det nasjonale fakultetsmøtet fekk i oppdrag å utfylla, inneheld beskrivingar av nivåkrav, som det sentrale.

Den karakterbeskrivinga som dei juridiske fakulteta har vedteke på grunnlag av tilrådinga frå Det nasjonale fakultetsmøtet og dekanane, har blitt godkjent av både Universitets- og høgskolerådet og av dei tre universiteta, utan at det har vore gjort gjeldande at det skulle vera i strid med lova å nytta kvalitetskrav. Universitets- og høgskolerådet og Universitetet i Oslo har gjeve uttrykk for at dei helst ynskte at det ikkje var nokon kopling til den gamle skalaen, men la til grunn at dette kunne vera nyttig i startfasen og at den avgrensa koplinga det er tale om her, vil forsvinna ettersom den nye skalaen bli innarbeidd.

Det må såleis leggjast til grunn at det ikkje gjeld eit krav om at karakterfastsetjinga skal skje ut får ei normalfordeling år for år og at dei retningslinene som er fastsett er i samsvar med lova og forskriftene.

Det synest likevel å vera lagt til grunn ein føresetnad om at ein over tid bør få ei fordeling som ikkje avvik for mykje frå den fordelinga som fylgjer av ECTS-skalaen. Dette vil få verknad for dei kvalitetskrav ein skal operera med, sjølv om det ikkje vert fastsett noko normalfordeling, jf. pkt. xx nedanfor.

Etter dette er spørsmålet korleis ein skal fastsetja krava til eksamensprestasjonen for dei ulike karaktertrinna. Her må det takast omsyn til at det er innført ein ny studieordning der omfanget av dei fleste faga er endra, mange fag er plasserte på eit anna trinn i studiet, innhaldet i pedagogikken og prøvingsformene er endra og det er lagt langt større vekt på progresjon gjennom studiet. Dei retningslinene som er fastsette må tolkast og anvendast i høve til denne situasjonen, noko som ikkje utan vidare er enkelt.

4. Karaktergjevinga ved dei to kursa som er gjennomførte

Ein kjenner nå resultata frå to kurs etter den nye studieordninga, nemleg skadebotrett til andre studieår og kontraktsrett II til tredje studieår. Resultata viser lite stryk og få kandidater på den svakaste ståkarakteren E. Problemet som har ført til diskusjonen nå er at det er for få kandidatar

som har fått karakteren A og B.

Resultatet for skadebotrett omfattar 118 studentar, og fordelinga er slik:

A	5	4,2 %
B	21	17,8 %
C	56	47,5 %
D	32	27,1 %
E	4	3,4 %
F	0	0,0 %

Resultatet for kontraktsrett II omfattar 113 studentar, og fordelinga er slik:

		Av totalen	Av greidd eksamen
A	2	1,8 %	1,9 %
B	10	8,8 %	9,3 %
C	50	44,2 %	46,3 %
D	37	32,7 %	34,3 %
E	9	8,0 %	8,3 %
F	5	4,4 %	
	113	100,0 %	100,0 %

For begge kursa er det færre A enn det som etter fakultetsstyrevedtaket er målet ”nasjonalt og over tid”. For A og B samla er samanlikningsgrunnlaget tidlegare laudprosent.
Tal for andre og tredje avdeling for våren 2001 til og med hausten 2003, etter munnleg for tredje avdeling, er desse (stryk omfattar trekk frå eksamen):

	Studentar	Av total	Av greidd eksamen
Tredje avdeling V01–H02			
Laud	116	18,9 %	25,0 %
Haud	348	56,7 %	75,0 %
Stryk	150	24,4 %	
	614	100,0 %	100,0 %
Andre avdeling V01–H02			
Laud	128	20,9 %	27,4 %
Haud	339	55,4 %	72,6 %
Stryk	145	23,7 %	
	612	100,0 %	100,0 %

Det er ikkje innhenta opplysningar om den nærare inndelinga av lauden i denne omgangen. Vi ser at ”laudprosenten” for begge dei kursa etter den nye ordninga er lågare enn gjennomsnittet for dei aktuelle avdelingane, klårast for kontraktsrett II.

Resultata frå desse to kursa gjev ikkje i seg sjølv grunnlag for å slå fast at karakterskalaen er nytta i strid med dei forskriftene som er vedtekne. Avviket frå det som skal vera målet ”nasjonalt og over tid”, er ikkje større enn det ein kan rekne med på einskildkurs. Variasjonar i karakterfordelinga frå semester til semester har vi sett før òg (til dømes var laudprosenten 15,2 til tredje avdeling hausten 2002, rekna av dei som hadde greidd eksamen). Det har likevel kome fram i intervju og delvis i samtaler med kursleiar at ein for Kontraktsrett II har lagt til grunn same krav som for 3. avdelingsstudentar etter tidlegare studieordning. Som ein skal koma attende til nedanfor, er dette ikkje i samsvar med det som har vore intensjonen med dei forskriftene som er fastsett.

5. Tolkinga av retningslinene som fakultetet har fastsett

Vedtaket i fakultetsstyret fastset ikkje normalfordeling av karakterane, bortsett frå det som står om karakteren A. Vedtaket inneber at ein skal ta sikte på å finna fram til kvalitetskriterier som fører til at 10% av studentane får A og at B skal svara til grensa for laud. For karakterane C–E er det ikkje gjeve retningsliner i vedtaket ut over at dei skal svara til ein god, ein middels og ein svak haud. Røynslene frå bruken av denne karakterskalaen tidlegare, gjev likevel eit grunnlag for å gå ut frå at karakterane vil fordela seg mellom karakterane på ein måte som ikkje skil seg så mykje frå det som ligg i ECTS. Grensa for stryk skal vera som tidlegare.

Ein del av kritikken mot det vedtaket som er gjort går ut på at ein ved å knyta grensa for B til laud, har fastsett eit krav som knyter seg til den gamle karakterskalaen og at dette ikkje kan tilpassast den nye studieordninga. Spørsmålet er om det er grunnlag for ei slik forestilling om eit fast laudkrav uavhengig av innhaldet i studiet og dei rammevilkåra studentane arbeider under.

Det er alment akseptert at det ikkje mogeleg å stilla opp absolutte mål for prestasjonane i eit fag som jus. Karakterfastsetjinga skjer alltid etter ei viss vurdering, der ein også må ta stilling til kva forventingar som er rimeleg å stilla til eksamenskandidaten på det aktuelle studiet.

Karakterfastsetjinga i jus har til nå likevel skjedd etter ein skala der ein har gått ut frå at det skal gjelda eins kvalitetskrav for å kunne oppnå dei ulike karaktertrinna. Det inneber at karakternivået har kunne svinga noko frå semester til semester, utan at ein har kunne gå ut frå at krava til prestasjonen har endra seg. Likevel har det over tid skjedd ei endring i den statistiske fordelinga av karakterane, som er ein indikasjon på at det i realiteten har skjedd ei endring av krava ein stiller, til dømes for laud. Statistikken viser at dei beste karakterane vart gjevne langt oftare for ein mannsalder sia enn i dag, og dei fleste er nok samde om at det er bruken av skalaen som har endra seg, ikkje prestasjonane. Bruken av den gamle skalaen var altså ikkje konsistent over lange tidsrom. Det er heller ikkje lett å seie om bruken av skalaen har vore konsistent om vi samanliknar resultata ved dei tre juridiske fakulteta.

Eit inntrykk kan ein få ved å sjå på tala for avgangskarakterane i Bergen og Oslo for perioden frå 1. januar 1994 til 31. desember 1997.

	Oslo total	Bergen total	Oslo prosent	Bergen prosent
Laudabilis	0	0	0,0 %	0,0 %
Står til laudabilis	0	2	0,0 %	0,3 %
Kan få laudabilis	136	43	5,6 %	6,0 %
Kan vel få laudabilis	857	264	35,2 %	36,6 %

Haud illaudabilis	1356	384	55,8 %	53,2 %
Står til haud illaudabilis	83	29	3,4 %	4,0 %
	2432	722	100,0 %	100,0 %

Laudprosenten i Bergen er 42,8 og i Oslo 40,8. Tal for tre siste eksamenane, v-02, h-02, v-03: (357 kand.) viser 47,3% laud som sammenlagtresultat for hele studiet. For desse åra har ein ikkje samanliknbare tal for Oslo. Dette tyder på at skalaen har vore nytta likt – overraskande likt til og med – i Oslo og Bergen, men det er vanskeleg å vita om den auken på nesten 5 % som har skjedd dei siste åra, kjem av endra vurdering eller betre prestasjonar.

For ordens skuld kan statistikken for bruken av bokstavkarakterane i Oslo takast med. Her har ein lagt vekt på å oppnå normalfordeling for kvar eksamen, og dermed blir statistikken difor nokså nær ECTS-fordelinga:

OSLO:
Oversikten nedenfor gjelder for åtte semester fra og med V99. Vi har hatt 2637 beståtte resultater til fellesdelen, fordelt som følger:

E: 8,11%
D: 23,32%
C: 34,09%
B: 24,61%
A: 9,86%

For spesialoppgåvene i Oslo, som er obligatoriske, har utviklinga vore annleis. Her har ein ikkje brukt normalfordeling, og det blir visst diskutert i desse dagar om det skal gjerast eit unntak frå dei nye retningslinene på dette punktet:

OSLO:
Her er alle spesialoppgavene på 10 sp som er levert i hele perioden vi har hatt 96-ordningen:
E: 0,72%
D: 3,17%
C: 11,91%
B: 31,70%
A: 52,51%

I Bergen blir det gjeve karakterer som svarar til A for dei aller fleste særavhandlingar, og det sjeldan at det blir gjeve svakare karakter enn laud på særavhandlingar.

Ein kan heller ikkje leggja til grunn at prestsjonskravet har vore det same gjennom heile studiet. Det juridiske studiet var fram til 1955 ei avdeling, der alle fag vart studert samla og kandidatane vart prøvt ved ein samla eksamen. I ein slik situasjon kunne det stillast same krav til fagleg mogning i alle fag. Ved seinare oppdelingar av studiet i to, tre, fire og (i Oslo) fem avdelingar, har spørsmålet vore om ein skulle stilla dei same krava til kunnskap og innsikt i faga som var lagt på 1. avdeling som til 4. avdeling. Det har kome fram at det er kolleger som meiner at det er tale om det same kravet, men det synest klart at det vanlege synet er at ein ikkje stiller dei same krava til til dømes ein laud på 1. avdeling som på 4. avdeling.

Statistikken viser at det er ein aukande laudprosent frå 1. til 4. avdeling. Ein del av denne

skilnaden kan kanskje forklarast ved at det skjer eit fråfall av studentar gjennom studiet, men det kan tyda på at ein relativt sett har stilt strengare krav tidleg i studiet enn seinare og såleis ikkje teke nok omsyn til at det skjer ei modning av studentane i løpet av studiet.

6. Eksamenskrav etter den nye studieordninga

Spørsmålet om kva krav vi skal stille til studentane etter den nye studieordninga, må drøftast uavhengig av karakterskala. Det problemet ville vi ha hatt sjølv om vi framleis hadde hatt den gamle karakterskalaen.

Utgangspunktet er dei måla som går fram av studieplanen og dei einskilde kursplanane. Mest sentral er denne føresegna i planen for rettsstudiet:

> ”§ 1-2. Målsetting
> Målet med studiet er at studentene skal lære å analysere, drøfte og ta standpunkt til rettsspørsmål på grunnlag av anerkjent juridisk metode. Studentene skal tilegne seg kunnskap i sentrale deler av faget og lære å skaffe seg ny juridisk kunnskap. Gjennom studiet skal studentene utvikle evnen til samhandling med andre, til rettspolitisk tenkning og til formidling av faglig innsikt.”

Når ein skal fastsetja karakter på studiet er det fleire faktorar som det må takast omsyn til.

Studiet er eitt år kortare enn før. Det har likevel ikkje vore meininga å redusere den totale kvaliteten. Studentane bør gå ut med minst like god evne som før til å ”analysere, drøfte og ta standpunkt til rettsspørsmål på grunnlag av anerkjent juridisk metode”. Når vi tek sikte på å oppnå dette på kortare tid enn tidlegare, er det mellom anna fordi vi set inn større ressursar og tilbyr eit meir strukturert opplegg. I høve til kravet om ”kunnskap i sentrale deler av faget”, må det opplagt vera slik at vi ikkje utan vidare kan stille krav om same kunnskap som tidlegare om dei same tema og problemstillingar. Med dei vala som vart gjorde med omsyn til fagsamansetjing, har emna stort sett færre studiepoeng, og dermed mindre tilmålt tid, enn tidlegare. Med andre ord bør vi stille dei same krav som før til meistringa av faget, men kunnskapskrava er ikkje utan vidare dei same i kvart einskild fag.

Vi må òg ta omsyn til når i studiet prøvinga skjer. For fag som er plasserte tidlegare på studiet enn tidlegare er det særleg klårt at ein ikkje kan oppretthalda dei same krava som tidlegare. Det er truleg semje om at krava til ein laud var høgare til fjerde avdeling enn til første avdeling (sjølv om vi kanskje ikkje alltid har differensiert nok). Slik må det vera heretter òg. I karaktersetjinga må ein ta omsyn til at studentane til dømes i kontraktsrett II blir prøvde om lag eitt år tidlegare no enn det som galdt for det tilsvarande faget i gammal ordning (for nye studentar blir skilnaden halvanna år). Det er i studieplanen lagt større vekt enn før på at det skal skje ein progresjon gjennom studiet. Målet er å byggja opp eit studium slik at studenten ved å gjennomføra heile studiet, blir i stand til å løysa juridiske problem på ein fagleg god måte, men det kan ikkje stillast krav om at studenten ved det første kurset fullt ut meistrar rettsleg metode.

Vidare bør vi ta omsyn til det nærare faginnhaldet i kvart kurs, særleg med tanke på vanskegrad og kurslitteratur. Kravet til laud inneber at studenten gjev ei god adekvat løysing av ei oppgåve, men kravet til kva dette er må fastsetjast i høve til innhaldet i faget på studiet og dei andre momenta som er nemnt ovanfor.

Det vil også vera naudsynt å leggja vekt på prøvingsforma. I den nye studieordninga blir det gjeve karakter for kvart kurs, basert på ein eksamensdag og gjerne ei eller anna form for

undervegsprøving, ofte i form av ein heimeeksamen. I dei fleste kursplanane er det krav om at prøvinga skal ha eit vesentleg praktisk innhald. Røynsla etter tidlegare studieordning, der praktikum utgjer om lag 1/2 av eksamen på 1. og 2. avdeling, 1/3 på 3. avdeling og 1/4 på 4. avdeling, er at kandidatane oppnår til dels vesentleg svakare resultat på den praktiske delen enn på teoridelen. Mæland opplyser i sitt brev av 10-15 % av kandidatane normalt oppnår laud på praktikum til 4. avdeling. Dette samsvarar med det andre sensorar har sagt. Grunnen til den langt høgare andelen laud på 4. avdeling må då vera at ein større del av kandidatane oppnår laud på teorioppgåvene. Det synest såleis som praktikum er ei meir krevjande prøvingsform for studentane enn teorioppgåver. Dette tilseier at det også må takast omsyn til prøvingsforma når ein skal vurdera eksamensprestasjonar etter ny ordning.

Dei retningslinene som fakultetsstyret har vedteke om kva som skal ha vekt ved karakterfastsetjinga (vedlegg 2), er godt i samsvar med det som no er sagt.
Synspunkt som dette kan formidlast til sensorane i generell form gjennom eit vedtak i styret, i tillegg til at dei bør koma med i sensorrettleiingane. Det er viktig at den kursansvarlege har hand om sensorrettleiinga for å få formidla til sensorane kva krav som kan stillast til studentane ut frå innhaldet i kurset.

Når ein skal fastleggja nivåkravet til dei ulike eksamenane ved studiet er det vanskeleg å koma frå at det også må takast omsyn til prosentfordelinga. Med dei store kulla vi har, kan vi nok rekne med at forkunnskapar og talent hos studentane totalt, ikkje varierer så mykje frå semester til semester, iallfall ikkje når det gjeld studentar med studierett ved fakultetet. Dersom berre eit fåtal av studentane oppnår gode karakterer, vil dette vera ein indikasjon på at krava er for strenge. Dersom det ikkje ligg føre særlege tilhøve, vil det vera vanskeleg å anta at seinare kull skal bli mykje betre og dermed retta opp fordelinga på sikt. På same måten som endring av fordelinga på ulike karakterer etter den gamle ordninga, nok var eit teikn på at krava hadde endra seg, vil ei svært skeiv fordeling i høve til målsetjinga etter den nye ordninga, vera eit teikn på at nivået er for strengt. Dette gjer at vi særleg i startfasen også må ta omsyn til krava til normalfordeling ved fastlegging av nivåkrava etter ny studieordning.

7. Bruk av ny skala ved cand jur eksamener

Det kan oppstå særlege spørsmål ved bruken av den nye karakterskalaen på avdelingseksamener etter den gjeldande studieordninga. Her oppstår ikkje det problemet at kandidatane blir prøve i noko anna eller på eit anna trinn i studiet enn tidlegare. Det er grunn til å rekna med at den karakterfordelinga ein tidlegare har hatt for dei ulike avdelingane, vil halda fram. Det skulle tilseia at like mange som tidlegare har fått laud, nå vil få A eller B og at rundt 10 % vil få A om ein legg grensa rundt 2,60. Dette gjeld særleg for 4. avdeling.

For tidlegare avdelingar har det som det går fram ovanfor, vore ein lågare laudprosent. Her vil ei presisering av at det skal takast omsyn til det studietrinn kandidatane er på innebera at fleire må få A eller B enn det som har vore den vanlege laudprosenten på desse avdelingane. Ein må også ta omsyn til at praktikum utgjer eit større innslag i prøvinga på dei første avdelingane. Ein bør nå klargjera at det er ein progresjon i prestasjonskravet også etter cand jur studiet og vedta at dei retningslinene som skal gjelda for bruk av karakterskalaen på masterstudiet, også gjeld for cand jur eksamen.

8. Sikring av gjennomføringa av retningslinene

Retningslinene må gjerast kjent for dei kursanvarlege og sensorane. Dei kursansvarlege må ha eit særleg ansvar for å sikra at sensuren er i samsvar med retningslinene. Ein må rekna med at det kan ta noko tid før nivåkrava til sensuren er innarbeidde hos alle kursleiarar og sensorar. Difor bør det fastsetjast at formannen i UEU, prodekanus for undervising og eksamen, skal overvake sensuren ved alle kursa det første året og at dei kursansvarlege skal rapportera til han om gjennomføringa av sensuren undervegs. Prodekanus vil ha fullmakt til å gje dei pålegg som trengst for å sikra at retningslinene og dei presiseringar som er vedtekne her, vert gjennomførte.

9. Vurdering av sensuren på dei kursa som alt er gjennomførte

Forutsett at styret vedtek dei retningslinene som ein vil gjera framlegg om nedanfor, oppstår spørsmålet om kva verknad dette skal ha for sensuren på dei kursa som alt er sensurerte. Framlegget til vedtak inneber ikkje nye reglar, men ei presisering av korleis ein har meint at dei vedtekne retningslinene skal tolkast og praktiserast. På bakgrunn av at det synest å ha vore ein del tvil om kva retningsliner som skulle nyttast, meiner dekanus og fakultetsdirektør at ein for å skapa tilstrekkeleg tillit til at sensuren er lik på alle kursa etter ny ordning, bør få ein gjennomgang av sensuren for dei kursa som alt er sensurert. Dette må skje i form av ein ny sensur.
Dette inneber ikkje at ein ut frå det materialet som ligg føre meiner at det treng vera gjort feil ved desse to kurseksamenane, men at tvilen om dette må ryddast av vegen ved ein ny sensur.

Ut frå dette gjer dekanus og fakultetsdirektør fylgjande framlegg til

vedtak:

I. Utfyllende retningslinjer for karakterfastsettelse i juridiske fag(cand jur studiet og mastergradsstudiet) skal praktiserast slik:

3. Vurderinga av prestasjonane skal ta omsyn til dei rammevilkåra studentane har hatt og progresjonen i studiet, og skal skje ut frå innhaldet i kurset, læringmåla, prøvingsforma og det studietrinnet kurset er plassert på.
4. Tilvisinga til laudgrensa etter den gamle skalaen, inneber at grensa for karakteren B skal gå slik at karakteren A eller B til saman blir oppnådd av like stor del av kandidatane som dei som fekk laud som hovudkarakter etter gamal karakterskala.
5. Målsetjinga om fordeling på karaktertrinn gjeld for kvar einskild kurs over tid.

V. Kursansvarleg skal ha ansvar for å sikra at retningslinene for karakterfastsetjinga bli gjennomført og skal undervegs rapportera til prodekanus for undervising og eksamen om gjennomføringa av sensuren. Prodekanus kan gje dei pålegg som er naudsynt for å sikra at retningslinene med dei presiseringar som går fram av punkt I, blir gjennomført på ein konsistent måte gjennom studiet.

VI. Det blir gjennomført ny sensur i kursa erstatningrett og kontraktsrett II for haustesemesteret 2003.

dekanus fakultetsdirektør

Vedlegg 1:

Frå Reglement om opptak, studier og eksamen ved Universitetet i Bergen § 9:

c) Karakter

Enhver eksamen skal føre fram til et vurderingsuttrykk (karakter). Karakteren skal angis på en av to måter; enten

1) Som "Bestått" eller "Ikke bestått", ev. "Pass/Fail", eller

2) Som en bokstav, etter skalaen A, B, C, D, E, F. De ulike verdiene skal gis etter følgende allmenne kriterier:

Symbol	Betegnelse	Generell, kvalitativ beskrivelse av vurderingskriterier
A	Fremragende	Fremragende prestasjon som klart utmerker seg. Viser stor grad av selvstendighet.
B	Meget god	Meget god prestasjon som ligger over gjennomsnittet. Viser evne til selvstendighet.
C	God	Gjennomsnittlig prestasjon som er tilfredsstillende på de fleste områder.
D	Nokså god	Prestasjon under gjennomsnittet, med en del vesentlige mangler.
E	Tilstrekkelig	Prestasjon som tilfredsstiller minimumskravene, men heller ikke mer.
F	Ikke bestått	Prestasjon som ikke tilfredsstiller minimumskravene

d)Vekting

Den vekt den enkelte karakter skal gis ved utregning av gjennomsnittskarakter i et emne eller en emnegruppe, eller ved utregning av hovedkarakter. Vekten skal angis i studieplanen som en brøk av den samlede karakteren.

e) Gjennomsnittskarakter

En samlet karakter for et emne eller en emnegruppe. For emner skal gjennomsnittskarakteren regnes ut slik:

1. Hver bokstavkarakter erstattes av en tallekvivalent, slik at A="5"; B="4"; C="3"; D="2"; E="1".

2. For hver eksamen multipliseres tallekvivalenten med den vekten vedkommende eksamen skal ha i henhold til studieplanen, og alle produktene summeres.

3. Produktsummen settes opp eller ned til nærmeste hele tall, etter at vanlige forhøyningsregler er brukt.

4. Gjennomsnittskarakteren angis med det bokstavsymbolet som svarer til det tallet som kommer fram.

For emnegrupper regnes gjennomsnittskarakteren ut på tilsvarende måte, likevel slik at tallekvivalenten for hvert emne som inngår, skal multipliseres med emnets

studiepoeng, og produktsummen divideres med det totale antallet studiepoeng som inngår i gjennomsnittskarakteren.

Gjennomsnittskarakteren angis som et bokstavsymbol dersom minst 75% av eksamenene i emnet eller emnegruppen, regnet etter vekt, er gitt bokstavkarakter. Ellers skal gjennomsnittkarakteren angis som "Bestått" eller "Ikke bestått".

f) Hovedkarakter

En samlet karakter som kan gis ved fullført grad eller utdanningsprogram. Det skal angis i studieplanen om det gis hovedkarakter eller ikke. For mastergrader som bygger på fullført bachelorgrad eller tilsvarende skal som hovedregel bare emner som inngår i mastergradsstudiet selv telle med i hovedkarakteren.

g) Justerende muntlig

Med justerende muntlig menes en muntlig prøve som ifølge studieplanen har en særlig tett sammenheng med et forutgående skriftlig arbeid, så som masteroppgave, avhandling, større skriftlige skoleeksamener, mappe eller lignende.

Ved justerende muntlig skal kandidaten prøves i emner som er behandlet i det forutgående skriftlige arbeidet.

Etter at justerende muntlig er gjennomført, kan karakteren som er satt på det forutgående skriftlige arbeidet, justeres opp eller ned med en karakter, likevel slik at ved manglende frammøte til muntlig, skal den samlede karakteren settes til "F".

Vedlegg 2:
Utfyllende retningslinjer for karakterfastsettelse i juridiske fag
Fastsatt av dekanene ved de juridiske fakultet etter fullmakt fra Det nasjonale fakultetsmøtet for juridiske fag 24. april 2003.
Vurderingsuttrykket ved prøving av studentene skal være bestått/ikke-bestått eller bokstav-karakterer, jf. universitetsloven § 50 (6). Fastsettelsen av bokstavkarakterer skal skje på grunnlag av generelle beskrivelser som er vedtatt av universitetene i Oslo, Bergen og Tromsø og utdypende beskrivelser som er anbefalt av Det nasjonale fakultetsmøtet for juridiske fag.

Generelle beskrivelser av karakterene

Symbol	Betegnelse	Generell, kvalitativ beskrivelse av vurderingskriterier
A	Fremragende	Fremragende prestasjon som klart utmerker seg. Viser stor grad av selvstendighet.
B	Meget god	Meget god prestasjon som ligger over gjennomsnittet. Viser evne til selvstendighet.
C	God	Gjennomsnittlig prestasjon som er tilfredsstillende på de fleste områder.
D	Nokså god	Prestasjon under gjennomsnittet, med en del vesentlige mangler.
E	Tilstrekkelig	Prestasjon som tilfredsstiller minimumskravene, men heller ikke mer.
F	Ikke bestått	Prestasjon som ikke tilfredsstiller minimumskravene.

Utdypende beskrivelser for juridiske fag
Måling av juridiske egenskaper og ferdigheter skjer etter en sammensatt vurdering av ulike kvaliteter. Det avgjørende for karakterfastsettelsen skal være totalinntrykket av kandidatens prestasjoner, sett i forhold til oppgaven som er gitt. Ulike besvarelser av samme oppgave kan således ha hver sine sterke og svake sider, og likevel bli ansett som likeverdige ved totalvurderingen. På bakgrunn av dette, angis det ikke fagspesifikke beskrivelser i form av faste regler om hva som kjennetegner det enkelte karaktertrinn eller hvilke egenskaper som teller mest.
Ved vurderingen av hvilke karaktertrinn som skal gis, ut fra de ovennevnte generelle beskrivelsene, vil det legges vekt på følgende ferdigheter i den totalvurderingen som skal foretas :

- Kunnskaper om og oversikt over oppgavens tema og relevant bakgrunnsstoff;
- Evne til å finne frem til og formulere rettslige problemstillinger, herunder skille mellom ulike problemer, prinsipale og subsidiære spørsmål, samt evne til å sette spørsmålene inn i sin rette sammenheng;
- Evne til å drøfte spørsmål på en faglig forsvarlig og skjønnsom måte, og utnytte det foreliggende rettsstoff og faktum i samsvar med fagets metodiske prinsipper. Til dette hører også blikk for hva som er vesentlig i forhold til det som er uvesentlig eller irrelevant, til å skille mellom det sikre og det tvilsomme, samt til å dimensjonere stoffvalg og proporsjoner i besvarelsen fornuftig;
- Blikk for rettspolitiske dimensjoner innenfor oppgavens tema, dog uten å tape av syne grensen mellom vurderingers betydning de lege lata og de lege ferenda;
- Selvstendighet ved evne til å resonnere kritisk og uavhengig i forhold til foreliggende læremidler og undervisning;
- Språkbeherskelse, fremstillingsevne, presisjonsnivå og systematisk ryddighet ved skriftlig og muntlig redegjørelse for fagjuridiske emner.

Ferdighetene vil i varierende grad inngå ved den faglige totalevurderingen, og er ikke uttømmende angitt eller prioritert.
De generelle og utfyllende beskrivelsene skal ikke anvendes med sikte på å oppnå en prosentvis normalfordeling ved den enkelte prøve, men ligge fast over tid.

- Det skal legges opp til at de to beste karakterene (A og B) tilsvarer laud etter dagens system. Vurderingskriteriene bør brukes slik at karakteren A nasjonalt og over tid kan oppnås av omkring 10 % av kandidatene.
- Haudkarakteren deles i tre slik at C er en god haud, D en middels haud og E en svak haud
- Nivået for stryk skal være som etter 2.75-skalaen. Denne skalaen er hittil benyttet ved karakterfastsettelsen på jusstudiene i Bergen og Tromsø.

Vedlegg 5

Studieutvalget 15. februar 2011, sak 3

-Denne saken var til behandling i Studieutvalgets møte 30.11.2010, som en orientering om /nye standardbrev til sensorene. Standardbrevet (en versjon på bokmål og en på nynorsk) bestod av en innledning med henvisning til karakterbestemmelsene i universitets- og høyskoleloven og beskrivelsen av karakterskalaen i UiBs grads- og studiereglement. For øvrig var det i all hovedsak en gjengivelse av de gjeldende retningslinjene for karaktersetting. Dessverre ble det oversett at to avsnitt mot slutten av dokumentet var noe utvidet og omskrevet. Saken burde derfor vært lagt fram også som en sak om endringer i retningslinjene.

I det følgende er retningslinjene gjengitt i sin helhet, og der det er foreslått endringer, er gammel og ny tekst satt opp parallelt. Etter studieseksjonens vurdering er det få realitetsendringer som foreslås. Ett punkt som er viktig å merke seg, er det som retter seg mot den kursansvarliges utforming av eksamensoppgavene, der det uttrykkelig sies at oppgaveutformingen skal være slik at det blir mulig å skille mellom kandidatene. Dette må antas å være en operativ norm også i dag, slik at det mest er tale om en formalisering av det som allerede gjelder. For øvrig framstår endringene som presiseringer og utdypinger av det som allerede gjelder.

UTKAST TIL ENDRINGER I

”Retningsliner for karakterfastsetjing i mastergradsstudiet”

Vedtatt av Styret for Det juridiske fakultet 5. desember 2003. Sist endra i studieutvalget 6. oktober 2009.

1. Vurderinga av prestasjonane skal ta omsyn til progresjonen i studiet, og skal skje ut frå innhaldet i kurset, læringmåla, prøvingsforma og det studietrinnet kurset er plassert på.

Vurderinga skal også skje på grunnlag av fylgjande formulering i Utfyllende retningslinjer for karakterfastsettelse i juridiske fag, fastsett av Det nasjonale fakultetsmøtet:

" Måling av juridiske egenskaper og ferdigheter skjer etter en sammensatt vurdering av ulike kvaliteter. Det avgjørende for karakterfastsettelsen skal være totalinntrykket av kandidatens prestasjoner, sett i forhold til oppgaven som er gitt. Ulike besvarelser av samme oppgave kan således ha hver sine sterke og svake sider, og likevel bli ansett som likeverdige ved totalvurderingen. På bakgrunn av dette, angis det ikke fagspesifikke beskrivelser i form av faste regler om hva som kjennetegner det enkelte karaktertrinn eller hvilke egenskaper som teller mest.

Ved vurderingen av hvilke karaktertrinn som skal gis, ut fra de ovennevnte generelle beskrivelsene, vil det legges vekt på følgende ferdigheter i den totalvurderingen som skal foretas :

· Kunnskaper om og oversikt over oppgavens tema og relevant bakgrunnsstoff;

· Evne til å finne frem til og formulere rettslige problemstillinger, herunder skille mellom ulike problemer, prinsipale og subsidiære spørsmål, samt evne til å sette spørsmålene inn i sin rette sammenheng;

· Evne til å drøfte spørsmål på en faglig forsvarlig og skjønnsom måte, og utnytte det foreliggende rettsstoff og faktum i samsvar med fagets metodiske prinsipper. Til dette hører også blikk for hva som er vesentlig i forhold til det som er uvesentlig eller irrelevant, til å skille mellom det sikre og det tvilsomme, samt til å dimensjonere stoffvalg og proporsjoner i besvarelsen fornuftig;

· Blikk for rettspolitiske dimensjoner innenfor oppgavens tema, dog uten å tape av syne grensen mellom vurderingers betydning de lege lata og de lege ferenda;

· Selvstendighet ved evne til å resonnere kritisk og uavhengig i forhold til foreliggende læremidler og undervisning;

· Språkbeherskelse, fremstillingsevne, presisjonsnivå og systematisk ryddighet ved skriftlig og muntlig redegjørelse for fagjuridiske emner.

Ferdighetene vil i varierende grad inngå ved den faglige totalvurderingen, og er ikke uttømmende angitt eller prioritert."

Tidligere tekst	**Ny tekst**
Vurderinga skal skje slik at fordelinga mellom dei ulike karaktertrinn normalt blir i samsvar med tilrådinga i brev av 29. mai 2002 frå Universitets- og høgskolerådet til institusjonane, der det er sagt at karakterane "over tid" ("en periode på minst 5 år er ikke utenkelig"), skal liggja i fylgjande intervall:	Den kursansvarlege skal utforme eksamensoppgåva slik at det blir mogleg å skilje karaktermessig mellom kandidatane ut frå dei gitte kvalitetskrava. For heile student-kullet er det då grunn til å tru at det over eit lengre tidsrom skjer ei fordeling av karakterar i samsvar med den normalfordelinga som går fram av brev av 29. mai 2002 frå Universitets- og høgskolerådet til institusjonane. I dette brevet er det er sagt at karakterane "over tid" ("en periode på minst 5 år er ikke utenkelig"), skal liggja i fylgjande intervall:

A 8-12 %
B 20-30 %
C 24-36 %
D 20-30 %
E 8-12%

Strykgrensa skal ligge på samme nivå som tidlegare.

Tidligere tekst	**Ny tekst**
2. Målsetjinga om fordeling på karaktertrinn gjeld for kvar einskild kurs.	2. Målsetjinga om fordeling på karaktertrinn gjeld for kvart einskild kurs. Det vert understreka at det ikkje skal skje ei

	normalfordeling innanfor den einskilde sensurkommisjonen, og at den kursansvarlige heller ikkje skal normalfordele i samband med nivåkontrollen av dei ulike kommisjonane.

Kunnskapsdepartementet om Normalfordeling

11.05.2004:
http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/andre/brev/utvalgte_brev/2004/retningslinjer-for-bruk-at-det-nasjonale.html?id=91189

14.12.2011: http://www.uhr.no/documents/Brev_fra_KD.pdf